

## VEDLIKEHALD AV GRASBANEN PÅ HEIO

27.08.2011

**Uskedal Idrettslag og deira aktivitetar har alltid vore drive på dugnad og vil i all hovudsak bli drive på dugnad i framtida også. Dette er ikkje noko nytt, skriv leiar Bjarne Lilleaas til oss.**

Han held fram:

UIL sende 24.08.2010 ein skriftleg søknad til kommunen om dei kunne overta klypping/vedlikehald av grasbanen på Heio. Svaret kom 08.03.2011 og gikk ut på at kommunen pga av mannskapsmangel ikkje kunne påta seg denne oppgåva for 2011, men vi vart oppmoda om å søke på nytt om ei permanent overtaking frå sesongen 2012.

Slik søknad vart sendt 21.03.2011 og vi har enno ikkje fått noko skriftleg svar. På munnleg forespørsel får vi opplyst at det er svært sannsynleg at kommunen vil ta på seg denne oppgåva og at teknisk etat kan vera behjelpeleg ved 'krisesituasjonar' i 2011.

Konklusjon:

I framtida ser vi for oss at kommunen slår/vedlikeheld grasbanen på Heio. Vi ynskjer likevel å ha ein eigen operativ grasklyppar som kan ta seg kantar og vera back-up i tilfelle noko skulle skje, skriv Lilleaas.